



Hauge-kveld i Hjelme gamle kyrkje

6 I flott haustsol var det Hauge-kveld med konsert, foredrag og kyrkjekaffi i Hjelme gamle kyrkje



10 Gratulerer til alle konfirmantane!

4 Plikt, tvang – eller glede?

12 Desse skal jobbe med barn og ungdom det neste året

14 Glimt frå jubileumsgudstenesta

15 Bli med på babysong og småbarnssong



Mikael Tärlestrand

Konsert fredag 1. oktober

**Blomvåg kyrkje kl. 19.00
med Rune Hagen på piano**

Gratis inngang - kollekt



Nye vippsnummer for offer i kyrkjene



Vipps er ein effektiv måte å gi ved kollekt og når du t.d. skal betale for ein leir på Skjergardsheimen.

Dette er våre vippsnummer

Hjelme kyrkje offer: #690303

Blomvåg kyrkje offer: #690305

Leiropphald på Skjergardsheimen: #75635

Vippsnummera som er knytt til kyrkjene kan du bruke når du skal gi kollekt i ei gudsteneste eller om du sit heime og vil gi. Enten du skal gi ein kollekt eller betale for eit leiropphald er det viktig at du skriv i referansefeltet dato og kva det gjeld.

Leiar

Annlaug Børve
Ansvarleg redaktør



Kom og sjå!

Dette var Jesus sitt inviterande svar til to menn som lurte på kvar han budde. Jesus sitt inkluderande svar la til rette for fellesskap, nærleik, open og ærleg kommunikasjon og eit heilt nytt liv for dei to.

Gjennom ein lang, seig pandemi, er det kanskje akkurat dette vi kjenner at vi har sakna. Fellesskap med andre. Å kunne gje kvarandre ein klem, kanskje ta ein kaffikopp saman over ein god samtale i godt lag.

Og endeleg nærmar det seg tida for ei nyopning av samfunnet. Vi gler oss til igjen å kunne invitere til kyrkja, utan å måtte passe på at folk held avstand til kvarandre. Samtidig er vi spente: Har folk endra vanar? Har pandemien skapt nye behov, og korleis kan vi som kyrkje møte desse?

Så til nye og gamle kyrkjegjengarar seier vi: Kom og sjå!

Kva synest du er bra i kyrkjelyden du høyrer til? Kva saknar du? Kva kunne du tenkt deg vart gjort på ein litt anna måte? Send meg ein e-post, eller ring meg (sjå kontaktinfo på s. 3) og fortel meg kva du tenkjer. Du kan sjølv vere med og skape den fellesskapen Jesus inviterer oss til å vere ein del av. Ein fellesskap der spora etter Jesus kan merkast i menneske si erfaring av fridom, lækjedom og ei ny retning på livet.

Velkomen til kyrkja!

«Kom og sjå», svara Jesus.
Så gjekk dei med han og såg
kvar han budde, og dei vart
verande hos han den dagen.

Joh. 1, 39

Andakt



Ellen Ebbesvik
Diakonimedarbeidar

Kom nærmere meg, sier Jesus

Salme 23

Kom nærmere meg sier Jesus til oss. Han utfordrer oss på å våge Hans nærhet. Søke inntil Ham. Han fører oss til grønne enger for å hvile, for der å la oss ta imot hans omsorg. Vi ligger der i hvilen og aner og kjenner kanskje også på, Guds nærhet. Kanskje du tenker: Å, her var det godt å være. Ikke nok med hvile, men han dekker bordet for oss og inviterer oss inn i fellesskapet. Inn for å spise av det som gir liv.

Jesus, han kjenner vår lengsel, vår hunger og sier: Kom nærmere og spis av mitt. Alt dette er for dere. Du som er sulten på Guds ord, ønsker en dypere relasjon til Jesus. Til deg sier Han: Kom og spis og du skal bli mett. Du som tviler, lurer litt på, hvor er jeg nå? Til deg sier Jesus: Kom nærmere meg. Du som ikke vet hvor det bærer hen, hvor veien går, kom nærmere sier Jesus. Jesus har et tilbud til deg: Hør, et evig liv, vil jeg gi deg – veien til himmelen gjennom meg.

Kanskje er du en som sørger over mange forskjellige tap og som kjenner på store byrder. Jesus sier: Kom nærmere meg. Matt. 11.28

En dag bar jeg et kors for deg, fordi jeg elsker deg så høyt. Alle våre sorger, smerter, sykdommer etc. tok Jesus med seg i døden. Ofte er det vanskelig å skjønne. Vi kjenner på helt andre ting – bøkene blir så tunge å bære at vi orker ikke mer. Der kommer Jesus for å bære hele oss med hele vår bagasje. Kanskje har du lest om fotsporene i sanden, der to sett blir til ett. Slik er det når Jesus tar over og bærer. Det er det Jesus ønsker. Bære deg og meg når livet blir for vanskelig. Han bryr seg, selv om vi ikke alltid skjønner det.

Kom, du som ligger nede, som kjenner på utilstrekkelighet, kjenner på synd som tærer - kom nærmere, sier Jesus. Han kjenner deg, Han elsker deg og Han ønsker

å vise deg sine sårmerkede hender, slik som Han gjorde til tvileren Thomas. Johs.20,27. Thomas fikk se og kjenne og svarte ... Du er min Herre og min Gud.

Han er også din og min Gud, om vi ønsker det.

Det Jesus ønsker mest av alt: Er et fellesskap med deg, med oss alle. Et fellesskap med omsorg, kjærlighet, nærhet mm.

Jesus ser og vet.



ØyNytt kom første gong ut i april 1974. ØyNytt vert fulldistribuert i Hjelme og Blomvåg sokn.

Det er også mange abonnentar utanfor soknet. Kontingent og annonsar er avgjerande for produksjon og distribusjon av ØyNytt.

Kjem ut 2021:
1. oktober
10. desember

Redaksjonen vert avslutta ei veke før.



ØyNytt

– kyrkjeblad for Hjelme og Blomvåg sokn

Utgjevar: Hjelme og Blomvåg sokneråd
Ansvarleg redaktør: Annlaug Børve
Redaktør og grafisk produksjon: Yngvild Mørner Sørheim

Miljømerket trykksak 2041 0699

Trykk: Bodoni AS
Kontingent: Kr 125 i Hjelme og Blomvåg sokn / Kr 175 utanfor Hjelme og Blomvåg sokn
Takkeannonsar: Kr 100
Annonsar: Kontakt redaksjonen: ys487@kyrkja.no
Bankkontonummer: 1503.84.37590 for kontingenter og gåver
Opplag: 2500 pr. nummer. 5 nummer i året.

DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellestråd

Telefon: 400 03 316
E-post: post.oygarden@kyrkja.no
Besøksadresse: Øygarden kyrkjekontor, Temahuset på Straume
Postadresse: Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:
www.kyrkja.no/oygarden

Facebook:  HjelmeogBlomvågSokn

Soknepresten i Hjelme og Blomvåg:
Espen Sigve Tveten
E-post: et838@kyrkja.no
Telefon: 91 61 78 00

Leiar i soknerådet:
Erling Vik
E-post: erl-vik@online.no
Kyrkjeveerja:
Annlaug Børve
E-post: ab766@kyrkja.no
Telefon: 473 04 530

Org. nr. Øygarden kyrkjelege fellestråd: 976 995 430

Gåver kan du også gje ved bruk av appen Vipps

Plikt, tvang – eller glede?



Espen Sigve Tveten
Sokneprest Hjelme og Blomvåg

Eg jobba eit år på Bergenskantoret til Det norske misjonsselskap. Der møtte eg ei dame som skulle gå av med pensjon. Mange hadde fortalt henne at pensjonen ho skulle få ikkje var mykje å leve av. Difor måtte ho no redusera pengegåvene sine til misjonen. Nokre månader seinare kom ho attende til kontoret med ein konvolutt. No hadde ho levd som pensjonist lenge nok til å sjå at pensjonen strakk til og vel så det. Difor ville ho «gjera opp for seg». Summen med pengar i konvolutten hennar var like mykje som dei pengane ho hadde halde att då ho vart pensjonist. Dette gjorde inntrykk på meg. Ho kom med pengane med glede og i takksemi.

Eg tenker på noko Paulus sa til kyrkjelyden i Korint da det var snakk om ei pengeinnsamling: «For Gud elsker ein glad givar». Kunne det ikkje stått at «Gud elsker ein givar», kvifor er ordet glad med?

Motsatsen til dama på kontoret i Bergen var mannen eg møtte som prest i Stavanger. Eg var med konfirmantane på bøsseinnsamling for brønnboring i Afrika i regi av Kirkens nødhjelp. Bak ei dør møtte me ein lite venleg mann som kunne fortelja oss at i den bøssa kom det ingen

pengar frå ham. Han betalte skatt og det fekk vera nok. So gjekk døra igjen. Eg tenkjer at det gjerne var bra mannen ikkje gav pengar i bøssa. Han ville berre ha vorte enda surare, og resten av familien hans kunne fått ein dårleg dag.

Kva slags gåver set me sjølv pris på? Dei fleste vert utan tvil glad for gåver som vert gjevne av kjærleik, ikkje av pliktjensle. Her har vi kanskje svaret på kvifor Paulus skriv om ein glad givar. Ingen skal tvingast til noko, for «kvar må gje det han har bestemt seg for i sitt eige hjarte, ikkje med ulyst eller av tvang» (2 Kor 9,7).

Eg vil her slå eit slag for fast givarteneste i kyrkjelyden vår. Det er faktisk slik at kyrkjelyden treng frivillige pengegåver for å halde oppe arbeidet me har. Får me ikkje inn nok pengar, er det ikkje mogeleg å tilsette barne- og ungdomsarbeidarar, og då er det ikkje mogeleg å ha billige leirar på Skjergardsheimen. For å nemna noko. Men me ynskjer ikkje berre å vidareføre arbeidet, men òg utvikle og auka arbeidet. Difor er fast givarteneste noko eg heilhjarta anbefaler.

Men grunnlaget for ei slik givarteneste er ikkje krav og plikt. Du skal ikkje høyra «må, skal, bør». Men du kan – om du vil! Du er fri til å velja å gje. Sjølve fundamentet i kristentrua vert feil om ein høyrer kravet, og ikkje nåden og fridomen. Er fundamentet feil, vert alt feil. Om det å lesa Bibelen, det å gjera ei frivillig teneste, gå på gudsteneste og gje pengar vart ei form for avbetaling for å oppå noko hos Gud, ja då vert det feil. Gud gjev oss alt me treng uavhengig av våre bidrag. Jesus gav avkall på alt sitt, vart fattig, for at vi skulle verta rike. Difor er me fri til å takka han på ulikt vis, mellom anna kan me takka han med våre økonomiske ressursar.

På heimesida vår finn du rettleiing for å teikna fast givarteneste. Det er mange fordelar med denne type givarteneste, både for deg som gjev og for oss som skal motta. Som givar slepp du å følgja med konstant og du får ei ordna givarteneste. På mottakarsida er det forutsigbart og me kan lettare planleggja arbeidet. Me trur og at ei slik ordning gjev eit større hjarte for kyrkjelyden.

Er du med? Velkommen med på givarlaget!

Bli med å bygg kyrkjelyd, bli fast givar!



Det er enkelt å opprette avtale med fast givarteneste, dette kan ein gjere inne på nettsida vår:
www.kyrkja.no/hjelmeogblomvag/givarteneste

1. Fyll inn valfritt beløp som blir trekt ein gong i månaden
2. Vel kva du vil at pengene skal gå til: kyrkjelydsarbeidet eller ungdomsarbeidet.
3. Fyll inn informasjon med telefonnummer, namn, adresse og e-postadresse
4. Godkjenning via BankID eller BankID på mobilen.

Kyrkjelydsarbeidet

Ved å støtte kyrkjelydsarbeidet generelt er du med på å byggje vår kyrkjelyd. Vi ønskjer eit arbeid som også strekk seg utover søndagen med aktivitetar som fellesskapskveldar, påskekveldar, morgonmesser, arrangement for frivillige, julefestar, innkjøp av utstyr med meir.

Ungdomsarbeid

Ei gåve til ungdomsarbeidet vil vere ei gåve til at stadig fleire born og unge skal få lære Jesus å kjenne og finne ein heim i kyrkja. Kyrkja driv eit omfattande barne- og ungdomsarbeid i Øygarden i samarbeid med fleire organisasjonar for å nå dette målet. Både på bedehusa og i kyrkja vil du finne tilbod som passar for alle aldrar!

Hauge-kveld i Hjelme gamle kyrkje

I strålende haustsol 14. september kunne Kystmuseet i Øygarden, kyrkja og nærmiljøutvalet ønska velkommen til vakre Hjelme gamle kyrkje.

Tekst: Jacob Henrik Hellesund

Foto: Espen Tveten



Til kyrkjekaffien vart det servert røykelaks på heimelaga flatbrød, frå venstre: Synnøve Tovsrud, Margret Busch og Sigrid Hjelme.



Arne Hjelme viste korleis 25 l sjøvatt vart til ca. 1 kg salt.



Berit Opheim song gamle religiøse folkesongar i egne arrangement for song og orgel.



Sigbjørn Apeland spelte på trøorgel.

Høvet var markeringa av at det er 250 år sidan Hans Nielsen Hauge vart fødd. Han var rett nok aldri i Hjelme, men han reiste rundt i landet og fekk utretta utruleg mykje før han gjekk bort i ein alder av 53 år.

Dagleg leiar ved Kystmuseet ønskte velkommen før ho gav ordet til sokneprest Espen Tveten og nærmiljøutvalets leiar Jacob Henrik Hellesund som samtalte om Hauge sitt virke. Dei førte oss inn i ei tid som var prega av store forskjellar, fattigdom og eineveldig styre der amtmannen, futen, presten og lensmannen bestemte. Hauge var lekpredikanten som gjorde opprør mot dette både i tale, skrifter og handling. Dette resulterte i til saman 10 år i fengsel. Sjølv om Hauge for dei fleste av oss er mest kjente som lekpredikant utførte han så

mykje meir. Han var m.a. med å starta 150 verksemder som gav 7-8000 arbeidsplassar.

Ein av dei handfaste tinga Hauge gjorde var å hjelpa til med å etablere saltutvinning. Napoleonskrigen hadde ført til blokade og saltmangel i Noreg. Hauge vart faktisk henta ut av fengsel for å hjelpa til med dette. Saltet spelar ei viktig rolle i konservering av mat. Dette markerte vi i nothuset i Hjelme der Arne Hjelme hadde henta vatn i Hjeltefjorden og viste korleis 25 l sjøvatt vart til ca. 1 kg salt. Vi hadde òg smaksprøvar frå Noregs einaste verksemd som gjer dette i dag i profesjonell målestokk. Reint salt frå Norskehavet utvinnast på øya Gossen på Romsdalskysten. Til kyrkjekaffien vart det servert laks frå ERKO seafood på Hearnar som var røykt etter tradisjon i gammalt

røykeri på kaia i Hellesund. Laksen vart servert på heimelaga flatbrød bakt på gamle kornsortar som rug, havre og bygg.

Egil Sæle kunne fortelja oss at for 300 år sidan hadde Hans Egede lege værfast i 9 døgn i Hjelmevågen på ferda si til Grønland.

Kvelden i kulturkyrkja Hjelme vart avslutta med nydelege gamle folketonar frå Berit Opheim og Sigbjørn Apeland. Tekst og tonar til ettertanke i denne gamle kyrkja som har rommet så mykje av sorg og glede.

Ei stor takk til folk i Hjelme som har bidratt med nytt trekk til alterringen og til alle som har bidratt til gjennomføringa av arrangementet.

Vi ønskjer ei arbeidskyrkje i kommunedelsenter nord

Hjelme og Blomvåg sokneråd meiner det er tid for å vurdere kyrkjesituasjonen og sjå på tomteareal for ny kyrkje i nordre Øygarden.

Både i samtalar med biskop og ordførar er det komen utsegn om at ein må delta i utviklinga av kommunedelsenteret, og leggje til rette for kyrkja sin bruk i framtida. Ei ny kyrkje vil tydeleggjere kyrkja si rolle som aktiv samfunnsaktør. Soknerådet har ved ulike høve drøfta situasjonen om brukartilhøva i kyrkjene, og særleg Blomvåg kyrkje. På soknerådsmøte i januar 2021 gav soknerådet mandat til å skipa ein komité, som skal starte arbeidet med framtidig kyrkje for Blomvåg sokn. Komiteen vert leia av Øyvind Solsvik. Dei andre medlemene er, Leif Gunnar Vik, Silvia Haugland, Mathilde Karin Dale, Espen Harketstad og Espen Tveten. Arbeidsgruppa sitt mandat er å kome med tilrådingar til soknerådet, som vidare legg saka fram for fellesråd og kyrkjevevje. Arbeidstittellen på prosjektet er «Framtidig arbeidskyrkje i kommunedelsenter nord».

Blomvåg kyrkje er 90 år, den er lita og ikkje eigna til det notida og framtida krev av ei kyrkje. På slutten av nittitalet var arbeidet med å auka kapasiteten i Blomvåg komen langt, både frå kommunen og kyrkja si side. Dette arbeidet vart stoppa, og riksantikvaren har verna kyrkja for høvet for å utvide den eksisterande kyrkja. Dagens behov er annleis enn før. Det er mange ting ved storleiken, plasseringa og innhaldet i Blomvåg kyrkje som ikkje er framtidsretta. Soknerådet og arbeidsgruppa må vera konkrete i korleis ein definerer behova til eit kyrkjebygg for framtida. Dette gjeld og plassering av ny kyrkje. Komiteen har

vurdert plasseringa, og er tydeleg på at kyrkja må liggja i kommunedelsenteret på Rong, og soknerådet er informert om dette. Dette i tråd med at Rong er peika ut som kommunedelsenter i den nye storkommunen.



Øyvind Solsvik leiar komiteen for framtidig kyrkje i Hjelme og Blomvåg sokn.

Kyrkjene i soknet vårt er viktige for mange. Vi ønskjer ikkje at dei skal leggjast ned, dei vil framleis vere egna for gravferder, bryllaup og andre ulike arrangement. Hjelme kyrkje vil og vera naturleg med vidare i gudstenesteordninga nord i kommunen. Det vil heller ikkje vere aktuelt med ny gravplass, då det er gode reguleringar og planar for dei to gravplassane son er i bruk i dag.

Kyrkelovenes § 23 gjev føringar for når ei ny kyrkje skal byggjast, samt storleiken på den og kvar den skal plasserast. I paragraf 23 står det følgjande:

§ 23. Oppføring av ny kirke mv. Ny kirke skal bygges når en kirke er tilintetgjort eller på grunn av vesentlige mangler er ubruktbar og ikke kan utbedres, når den under vanlige gudstjenester ikke gir tilstrekkelig plass for de kirkesøkende og ikke hensiktsmessig kan utvides, eller når det dannes et nytt sokn der det fra før ikke er kirke. Ny kirke skal i kirkerommet ha sitteplass til en tidel av Den norske kirkes medlemmer i soknet. Det kreves likevel minst 200 og ikke mer enn 500 sitteplasser. Når særlige grunner tilsier det, kan Kirkerådet gjøre unntak fra reglene i første og annet ledd. Oppføring av ny kirke og nedleggning av kirke skal godkjennes av Kirkerådet. Det samme gjelder tomt til oppføring av kirke, tegninger, kostnadsoverslag og finansieringsplan. Ombygging og utvidelse av kirke skal godkjennes av biskopen etter nærmere bestemmelser om saksbehandling og klageadgang fastsatt av Kirkemøtet.

Det er viktig å halde ein god og open prosess kring dette arbeidet. Soknerådet vil sikre god informasjon om framdrift i dei ulike prosessane. Det vil snarleg ta til eit arbeid med eit arbeids- og grunnlagsdokument for dette prosjektet.

For arbeidskomiteen
Øyvind Solsvik



Snart kan du bli med på noko heilt spesielt:
Ein heilt normal kyrjekaffi.

Besøk skjerikyrkja.no for å finne fleire arrangement.



DEN NORSKE KYRKJA

Rom for alle - saman

Konfirmantane 2021

Me gratulerer konfirmantane våre og takkar for ei flott tid saman med dei! Helsing kyrkjestaben i Hjelme og Blomvåg.

Foto: TSJFoto



Blomvåg kyrkje søndag 29. august kl. 10.30

Bak frå venstre: Hogne Berland, Espen Tveten

Midten frå venstre: Markus Solsvik, Synnøve Træen Hovden, Tor Eirik Marcussen, Johannes Andersen, Adrian Yanson Fjeldstad, Matilde Solsvik

Framme frå venstre: Marion Totland Rong, Emma Jentoft Rong, Nora-Karin Berthelsen, Maria Elena Lloyd, Sarah Emilie Barmen-Fløisand



Blomvåg kyrkje søndag 29. august kl. 13.00

Bak frå venstre: Hogne Berland, Espen Tveten

Midten frå venstre: Tordar Taule Soløy, Tobias Torsvik, Morgan Edvardsen-Vik, Matilde Solsvik

Framme frå venstre: Tobias Dævøy Skår, Marcus Myhr Hermansen, Mathilde Solsvik, Christine Berentsen Fortun, Liam Cato Husebø



Blomvåg kyrkje laurdag 4. september kl. 10.30

Bak frå venstre: Hogne Berland, Espen Tveten, Kristian Siljuholtet

Midten frå venstre: André Heggøy, Stefan Bamrungrai Blom, Victoria Hyr Duqaj Sandbakk, Johannes Jørdre, Martin Henry Haugland, Matilde Solsvik

Framme frå venstre: Ingeborg Vestbøstad Vik, Alisa Rørvik, Julie Vik, Sandra Liljegren Valestrand, Andrea Åsheim Giertsen, Emilie Alrek Eide



Blomvåg kyrkje laurdag 4. september kl. 13.00

Bak frå venstre: Hogne Berland, Espen Tveten, Kristian Siljuholtet

Midten frå venstre: Rowena Risløw, Carl Fredrik Aarø, Isak Landro, Lukas Hjartøy Fjellstad, Matilde Solsvik

Framme frå venstre: Rebekka Sæle Knarvik, Sofia Hagenes, Andrea Solsvik, Leah Rong Andersen, Selma Helgesen



Hjelme kyrkje søndag 5. september kl. 11.00

Bak frå venstre: Hogne Berland, Matilde Solsvik, Espen Tveten

Framme frå venstre: Ruben Andre Hansen, Jonas Nordøy, Connie Steffensen Solberg, Fredrik Myrvold Hjønnvåg, Leon Tveit

Desse skal jobbe med barn og ungdom det neste året!



Cecilie Borsholm Vik (22)

Lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget 100%

Du er den første lærlingen vi har hatt i kyrkja her ute.

Korleis kom du på tanken om å vera lærling i kyrkja?

Eg hadde vore i praksis i barne- og ungdomsarbeidarfaget då eg gjekk på vidaregåande og har vore mykje med som deltakar og frivillig tidlegare. Eg er glad i ungdomsarbeid og i kyrkja er det mogleg å drive meir med det enn på dei klassiske læreplassane i skule og barnehage. Så derfor tenkte eg at det skada ikkje å spørre om det gjekk an!

Kva kan vera utfordrandre og kva kan vera ein fordel med å vera lærling i kyrkja?

Ei utfordring kan jo vera at det ikkje har vore gjort før, så vi veit ikkje heilt korleis det kjem til å sjå ut, men det blir spennande! Og det er ein klar fordel at det er mange varierte oppgåver med alle aldersgrupper.

Kva gler du deg mest til?

Eg gler meg til å bli kjent med konfirmantane! Det er dei eg får mest tid med, så det blir kjekt!



Kristine Flåten (23)

Barne- og ungdomsarbeidar 20%

Du har jobba her eit år no og tar eit år til. Kva synes du er det kjekkaste med jobben?


Det er rett og slett å få vera med ungdomane og barna. Høgdepunkt er å snakke om trua og ha det gøy saman på leir!

Kva synes du kan vera utfordrande med jobben?

Eg kjem ikkje på noko spesielt egentlig. Det måtte i såfall vera at det er litt upraktisk å bu i Bergen uten bil når eg jobber her ute.

Du skal følge ei av konfirmantgruppene spesielt i år. Korleis trur du det blir?

Eg har gleda meg veldig til å få følge ei konfirmantgruppe i år. Då er det mogleg å bli godt kjent med konfirmantane og få ein relasjon til kvar enkelt. Eg trur året blir både gøy, spennande og lærerikt!



Ole Martin Solsvik (21)

Barne- og ungdomsarbeidar 20%

Du startar i haust i ny jobb her i kyrkja. Kvifor søkte du på denne jobben?

Ungdomsarbeidet i kyrkja her har vore viktig for meg og trua mi. Gjennom jobben her håpar eg å få gje litt tilbake.

Kva forventningar har du til året?

Eg gler meg veldig til å få treffe ungdommar og få følgje dei nokre skritt på deira reise i trua! Det blir kjekt å få følgje ei konfirmantgruppe spesielt og eg ser fram til gode samtalar og refleksjoner rundt tru og liv. Eg trur det vert både gjevande og lærerikt.



Mathilde Karin Dale (28)

Barne- og ungdomsarbeidar 20%

Kva synes du er det kjekkaste med jobben her?

Det må nok vera det å møte så mange kjekke ungdommer. Å få vera i lag med dei, gje dei trygge møteplassar der dei veit at dei ikkje treng å prestere for å vera viktige. Å fortelje dei om kven Jesus er og forhåpentligvis vera eit godt andeleg forbilde.

Kva er ei utfordring med jobben her?

Eg har jobba nokon år med ungdommar her i Øygarden, og det eg opplever som den største utfordringa er vel det å få dei til å forstå kor viktig det er å ha Jesus med seg i kvardagen. Me er så heldig at me har det så godt her i Norge, så det kan for veldig mange vera vanskeleg å huske på Jesus i kvardagen.

Du har jobba med barn og unge i kyrkja her i nokre år no.

Kva gjer at du ønskjer å halde fram med det?

Eg tenkjer først på det eg nevnte innledningsvis. Det at eg ønsker å gje dei trygge møteplassar, der dei veit at dei er velkomne til tross for at ein kanskje ikkje er den beste på skulen, på fotballbana eller er den mest populære i klassen. Men den største motivasjonen for å arbeide med barn og unge er å kunne bidra til at nokon begynner å tru på Jesus og at denne trua vart grunnfesta i dei og at dei tar den med seg vidare i livet.

Dette skjer

LEIRAR SKJERGARDSHEIMEN

| | |
|------------------|-----------------------|
| 16. oktober: | Leirdag 1. klasse |
| 17. oktober: | Leirdag 2. klasse |
| 30.-31. oktober: | Leir 3. klasse |
| 3.-5. desember: | Adventsleir 4. klasse |

REFUEL

| |
|-------------------------|
| 24. september |
| 8. oktober |
| 22. oktober |
| 5. november |
| 19. november |
| 3. desember |
| 17. desember - Julebord |

Stad: Rong senter
Tid: 19.30–22.30

KRIK

| |
|-------------------------|
| 1. oktober |
| 29. oktober |
| 12. november |
| 26. november |
| 10. desember |
| 17. desember - Julebord |

Stad: Hjeltefjorden arena
Tid: 19.30–21.30

INFORMASJON

Ta gjerne kontakt med oss om du har spørsmål om deltaking og innhald i opplegga.
E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Frivillige

Me treng frivillige til t.d. leirane.
Ta kontakt om du vil delta frivillig.

GOSPELTEENS

| |
|---------------|
| 28. september |
| 26. oktober |
| 9. november |
| 23. november |
| 7. desember |

Stad: Blomvåg kyrkje
Tid: 18.00–20.00

Hogne har ordet

Hogne Berland

Kyrkjelydspedagog



"Du veit den kjensla når du begynner å sjå på ein serie midt i sesongen, og så forstår du ikkje kva som skjer fordi du ikkje veit kva som har skjedd før? Så må du berre halde fram å sjå, og så skjønar du etter kvart kva det handlar om? Den kjensla har eg no." Dette sitatet er fra ein konfirmant eg snakka med for nokre år sidan. Ho var litt over halvvegs i konfirmantåret og forsøkte å skildre korleis det var å begynne å tru. Eg synes skildringa var god.

Å tru på Jesus er å gå ein veg. Jesus inviterer oss til å gå på vegen. Han er faktisk sjølv vegen. På den vegen har ein kanskje ikkje full kontroll på kva alt handlar om med ein gong. Ein har heller ikkje svar på alle spørsmål. Det er heilt greit. Men det vi lærer og dei svara vi finn, skal vi ta med oss vidare. Det er viktig. Ein ting eg lærte tidleg, var at Jesus ønskjer å ha med meg å gjere. Han vil ha meg med på vegen.

Hebreatbrevet i Bibelen snakkar nettopp om viktigeita av å ta med oss det vi lærer vidare. Kapittel 1 inneheld nokre grunnleggande sanningar om Jesus. Kapittel 2 begynner slik: "Difor må vi så mykje meir halde fast på det vi har høyr, så vi ikkje skal drive bort frå det."

La oss halde fast på det vi har høyr!

Glimt frå 50-årsjubileet til Hjelme kyrkje

13. juni, på dagen 50 år etter vigslinga av Hjelme kyrkje, vart det halde jubileumsgudsteneste for å feire kyrkja og menneska som høyrer til kyrkjelyden.



Ordførar Tom Georg Indrevik, kyrkjeverje Annlaug Børve, sokneprest Espen Tveten, soknerådsleiar Erling Vik og prost Jan Tommy Fosse.



Olaug Alvheim deltok med song.



Det var godt oppmøte på gudstenesta.



Foto: Ottar Vik



Foto: Bo Mathisen

Velkommen til babysong i Blomvåg kyrkje kl. 11.00!

Måndag 25. oktober

Måndag 8. november

Måndag 22. november

På babysong i kyrkja får ein ha det kjekt saman med barn og vaksne. Der syng me ein del kristne barnesongar og boner og litt andre barnesongar og regler.

Me avslutter samlingsstunda med medbrakt lunsj. Kyrkja står for kaffi, te og saft.

Kontaktperson:
Mathilde Karin Dale
Mob: 902 72 703
Mail: md825@kyrkja.no

Bli med i facebookgruppa vår
Babysong i Blomvåg kyrkje



Velkommen til småbarnssong i Blomvåg kyrkje kl. 17.30!

Tysdag 19. oktober

Tysdag 2. november

Tysdag 16. november

Tysdag 30. november

Kl. 17.30 – 18.30 inkludert kvelds. For barn 1-4 år med ein vaksen. Kvar kan ha med seg kvelds dersom ein ønskjer å ete i saman etter songstunda. Kyrkja lagar kaffi, te, saft og vatn.

Kontaktperson:
Kari Sandøy Rong
Mob: 936 29 159
Mail: kr637@kyrkja.no

Bli med i facebookgruppa vår
Småbarnssong i Blomvåg kyrkje



ØY
GARD
EN

Treng du transport til eit av handlesentera?

Då ønskjer vi å høyre frå deg. Vi treng å kartleggje om det er eit behov for transport til og frå handlesentera i den sona du bur. Send e-post til transportkoordinator Merete.Folkestad@oygarden.kommune.no eller ring 900 68 116.

- Sone Nord, Rong senter: onsdagar 11.00-13.00
- Sone Sør, Sundsenteret: onsdagar 11.00-13.00
- Sone Straume, Sartor Storsenter: torsdagar 11.00-13.30

OYGARDEN.KOMMUNE.NO

• Snitter • Koldtbord
 • Varmmat • Koldttallerken
 • Baguettar

Rong Catering a/s
Tlf. 9185 6258

Vi formidler blomster til innland og utland

INTERFLORA

Blomsterbua
Rong senter
Telefon: 56 38 92 65
Postboks 107, 5331 Rong

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravningsbyrå på Sotra.
Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.
Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden
TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjernet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)

Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

 Knut Helge Polden
 Espen Polden
 Heine Polden
 Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50

Din lokale elektriker!

Vestgar Elektro

Møllestykket 21
5360 Kolltveit
Tlf. 400 30 210
post@vestgarelektro.no
www.vestgarelektro.no

Fag Revisjon as

Revisjon & regnskap

Kontakt oss på tlf: 56 38 72 70,
eller se mer informasjon på www.fagrevisjon.no
Fag Revisjon AS, Bolgekraftvegen 1, 5337 RONG, firmapost@fagrevisjon.no

Torsvik ELEKTRO

Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolanlegg
Elektroverksted
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00
Vakttelefon: 922 34 062
www.torsteinsvik.no

YXENERGI

- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiavtale
- Gass

BLOM SERVICESENTER AS
5331 RONG - tlf. 56 38 72 80
Godkjent bilverksted

MECA CAR SERVICE

GODKJENT ÅR BILTILSYNET

SPAR

- ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

Ferskvarespesialisten
Velsmakende varmmat
Fristende frukt og grønt
Nydelige nystekte bakervarer

Måndag - fredag 7-22 laurdag 9-20

posten | Tofu | trumf | Bank i butikk | SPAR Rong tlf. 56 38 71 40

Godfoten
FOTTERAPI

Velkommen til oss på Rong senter
Timebestilling på mob nr 94023865
Eller på www.godfoten-as.no

Vi har gavekort!

Kjøp kjapt,
trygt
og billig

KIWI mini pris

Ved Rong senter
Tlf. 56 38 71 20
Mandag - lørdag
kl. 07.00-23.00

Åsane Begravningsbyrå AS
v/Johannes Blom
Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES
Døgnavt tlf.: 5518 9000

PHÆDER | **SOLSTRANDS BEGRAVELSESBYRÅ**

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume
Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet
www.solstrands.no
Vår erfaring - din trygghet **VIRKE GRAVFERD**

TORSVIK MUR
Alt i mur, puss og flisearbeid
Rehabilitering/fornyning av gamle skorsteiner/piper

Vidar Vik Torsvik
murmester
Dalekletten 44
5337 Rong
Telefon: 91 16 83 75 E-post: vidart1962@gmail.com

NORGESHUS NORGESHUS
TH Bhas Bygg Øygarden
Boligutvikling as

Telefon: 56382804 - Pålset 2, 5337 Rong
e-post: ta@norgeshus.no
www.norgeshus.no

Montér
Øygarden Byggsenter AS

Pålset 2, 5337 Rong - Telefon: 56382820 - Epost: post@oybygg.no
Åpningstider: mand-torsd 07.00-17.00, fred 07.00-18.00,
lørd 09.00-14.00

Ønsker du sol hjem?

Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet. Du ringer - vi bringer!
Vi forhandler også solariums krem og -briller

B-P-S Solutleige
v/Arvid Rong 5337 Rong
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22
Mobil: 918 56 258

Øygarden elektriske as

Tlf: 56 38 24 40
Fax: 56 38 24 41
Mobil: 928 41 790

E-mail:
post@oygarden-elektriske.no

Vest Modul AS
5336 Tjeldstø

- Tilbygg
- Nybygg
- Rehabilitering
- Montering og utleie av brakker

Normann 958 19 905
Ingvard 958 10 967
Trelastlager Tjeldstø



Diakonen sitt hjørne

Ellen Ebbesvik
Diakonimedarbeidar



Det nærmar seg haust og eit håp om at vi skal kunne treffe kvarandre oftare og ved fleire anledningar.

Formiddagstreffa i Hjelme kyrkje, er satt opp på desse datoane, og alle byrjer kl. 11.00.

- 7. oktober
- 4. november
- 2. desember

Oktober månad er satt som sorgmånad i heile bispedømet. Hos oss vil de alle bli inviterte til ein kveld i Landro kyrkje, onsdag 27. oktober kl. 19.00. Vi får besøk av John Kristian Gramstad Rolfsnes, han er i dag sjukehusprest på Haraldsplass.

Denne kvelden blir fokuset på dei som møter den sørgjande. Korleis skal vi forhalde oss, kva er bra for oss å gjere og korleis skal vi sjå den sørgjande?

Er du ein av dei som ønskjer ein samtale, eller ønskjer å vere med i ei sorggruppe, kan du ta kontakt med meg, diakonmedarbeidar, Ellen Ebbesvik, tlf. 924 42 881 eller e-post ee465@kyrkja.no

Bibeltimar

Nautnes bedehus hausten 2021

Torsdag 28. oktober kl. 19.00 ved Audun Hjellvik

Torsdag 25. november kl. 19.00 ved Gunnstein Nes

Julekonsert 2. desember

Velkommen til Rong Brass
sin tradisjonelle julekonsert
torsdag 2. desember kl. 19
i Blomvåg Kyrkje

Der det vert servert stemningsfull
tradisjonell julemusikk som skaper ro i sjela
med fleire heilt nye arrangement av Frode
Rydland og mange solister fra Rong Brass
sin stjernestab.

Billetter kjøpes i døren kr 200,-

Til lukke!

70 år

- 11. okt Nelfrid Margrete Alvheim, Storstovevegen 24
- 20. okt Marta Målfrid Heggøy, Rosnesvegen 14
- 21. nov Ingolf Monrad Holm Sandvik, Raudhammaren 44
- 22. nov Arne Widar Dale, Skorane 3

75 år

- 20. okt Karl Amund Sjøvold, Breivikvegen 218

80 år

- 10. okt Martin Magen Torsvik, Solbakkvegen 37
- 13. nov Norvald Johan Blom, Raudnova 7
- 22. nov Torunn Oen, Krokøyen 2
- 3. des Dagfinn Tornøe, Ternholmvegen 53
- 10. des Else Jorun Rosnes, Svartemyrvegen 12

85 år

- 8. okt Johan Martin Wolff, Rosnesvegen 52
- 19. nov Ingvald Rolf Pahr, Alvheimsvegen 288

90 år

- 4. nov Gudrun Ingrid Dävøy, Dävøyvegen 39

95 år

- 3. des Magnhild Håheim, Haugetunvegen 28

Gudstenester

Endringar kan komme grunna covid-19, det kan bli påmelding på gudstenestene. **Følg med i Vestnytt og på nettsidene våre: www.kyrkja.no/oygarden**

3. oktober kl. 11 i Hjelme kyrkje
Sprell levande gudsteneste ved Espen Tveten. Utdeling av biblar til 5.klassinger.

10. oktober kl. 11 i Blomvåg kyrkje
Gudsteneste ved Knut Kaldestad. Nattverd.

17. oktober kl. 11 i Hjelme kyrkje
Gudsteneste ved Espen Tveten. Nattverd

24. oktober kl. 11 i Blomvåg kyrkje
Sprell levande gudsteneste ved Espen Tveten. Utdeling av biblar til 5.klassinger.

31. oktober kl. 11 i Hjelme kyrkje
Gudsteneste ved Espen Tveten. Nattverd

7. november kl. 18 i Blomvåg kyrkje
Allehelgensgudsteneste ved Knut Kaldestad. Me minnes dei me har fylgt til grava siste år.

14. november kl. 11 i Hjelme kyrkje
Gudsteneste ved Espen Tveten. Nattverd

21. november kl. 17 i Blomvåg kyrkje
Gospelmesse ved Espen Tveten. Gospel teens deltek. Avslutning for konfirmantleiren.

28. november kl. 11 i Hjelme kyrkje
Sprell levande gudsteneste ved Espen Tveten. Utdeling til 4- og 5-åringar.

22. august kl. 11 i Hjelme kyrkje
Gudsteneste ved Espen Tveten. Nattverd

5. desember kl. 11 i Blomvåg kyrkje
Gudsteneste ved Espen Tveten. Det vert markert at Blomvåg kyrkje er 90 år. Gospelteens deltek. God kyrkjekaffi.

Døpte

Blomvåg

- Sandra Liljegren Valestrand, Toft
- Carl Fredrik Aarø, Blomvåg
- Tinde Skjellanger, Ovågen
- Julian Thorvaldsen-Vinnes, Fjell
- Nora Jørgensen Vik, Rong
- Birk Strandheim-Vassdal, Ågotnes
- Andrea Stockman Mikkelsen, Blomvåg
- Ella Teodora Bøkevold-Jahnsen, Askøy
- Tiril Rykkel Torsvik, Torsvik
- Rebecca Andersen, Misje
- Nora Skåla Magnesen, Torsvik
- Live Lundegaard Steen-Hansen, Ågotnes
- Thea Lundegaard Steen-Hansen, Ågotnes
- Liva Vik, Vik
- Aksel Torsvik Landro, Rong
- Noah Korsby Torsvik, Bergen

Hjelme

- Louisa Glitre, Ovågen
- Oliver Lundestad Solvang, Nautnes
- Gabriel Mathias Hansen, Tjeldstø
- Jonas Oliver Nakken, Blomvåg

Døde

Blomvåg

- Leiv Magnus Ådlandvik, Kvalen f. 1929
- Anna Sæther, Stølemyrvegen f. 1923
- Hallvar Martin Flåten, Blomåsen f. 1948
- Norvald Kåre Vestheim, Hanelen f. 1935
- Karstein Gustav Rosnes, Svartemyrvegen f. 1937
- Kamilla Borgny Hansen, Løtevegen f. 1927
- Magnus Vik, Raunholevegen f. 1937
- Bjarne Kristoffer Hellesøy, Skubbenakken f. 1947
- Inger Helene Oen, Særberget f. 1924
- Knuth Godtfred Wahl, Myrane f. 1929
- Malvin Rasmus Blomvågnes, Flotevegen f. 1928
- Ingvald Martin Vik, Dalekletten f. 1934

Hjelme

- Marie Johanne Hellesøy, Hellesøy f. 1925
- Borghild Malene Sture, Ternholmvegen f. 1930
- Bertha Tjong, Alvøyvegen f. 1926
- Ingebjørg Tjeldstø, Tjeldstøvegen f. 1945
- Målfrid Johanne Hjelme, Ternholmvegen f. 1931

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
22 40 00 40

SOS
CHAT

KIRKENS
SOS


Du kan også lese om kyrkja si verksemd på:

kyrkja.no/oygarden

Distribusjon i Hjelme og Blomvåk sokn:
Hammer transport, tlf. 92063006

Distribusjon utanfor Hjelme og Blomvåk sokn:
Posten Norge

Returadresse:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume



Dåp

Eit teikn på Guds kjærleik

Vi inviterer til dåp! Gjennom dåpen blir vi ein del av kyrkja, eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda. Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

Påmeldinga er no digital og kan gjerast på nettsidane våre!

For påmelding og informasjon om dåp gå inn på kyrkja.no/oygarden/dap



Jubileums-gudsteneste

Blomvåg kyrkje fyller 90 år, velkommen til gudsteneste

5. desember kl. 11.00

Gospelteens deltek med song
Etter gudstenesta blir det god kyrkjekaffi